

**SAMARBEIDSAVTALE**  
**mellom**  
**Studenttinget i Volda (STIV)**  
**og**  
**Høgskulen i Volda (HVO)**

**1. OMFANGET AV AVTALEN**

Denne avtalen regulerer HVO sine ytingar overfor STIV, samt øvrige samarbeidsrelasjonar og prosedyrar.

**2. LOVGRUNNLAG**

"Lov om universitet og høgskoler" av 12. mai 1995 nr 22, kapittel 7, sist endra 27. juni 2003.

**3. VERKSEMDSOMRÅDE DER HVO YTER TILSKOTT TIL STIV**

**3.1 Fri stasjon**

STIV disponerer kontor og møterom i Berte Kanutte-huset vederlagsfritt.

HVO har ansvar for løpande utgifter til energi (lys og oppvarming), reinhald, tele-/data-kommunikasjon og vedlikehald for dei nemnde lokala i samsvar med leigekontrakt med Statsbygg.

HVO har ansvar for ordinær møblering av kontoret. HVO skal i tillegg utstyre kontoret med PC, telefon og skrivar. HVO skal stå for IT-støtte på datautstyret på studentkontoret ved behov.

STIV skal i tillegg ha gratis tilgang til telefaks og kopimaskin.

STIV kan vederlagsfritt få tildelt rekvisita frå fellesadministrasjonen sitt lager.

Studenttinget har tilsett organisasjonssekretær i 50% stilling. Organisasjonssekretæren er formelt tilsett i Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS), og lønskostnadene blir dekte av HVO.

**3.2. Årleg direkte økonomisk tilskot**

HVO, ved styret, løyver årleg ei økonomisk ramme til studenttinget fastsett i tilleggsavtale.

**3.3. Økonomiske eingongstiltak**

Studentorgana kan i spesielle tilfelle søkje om investeringstiltak til større utstyr. Dette blir i tilfelle vurdert i samanheng med fordelinga av investeringsmidlane. Utbetaling skjer på grunnlag av attesterte bilag.

**4. RAPPORTERINGSRUTINAR**

HVO si årsmelding har et eige punkt om studentmedverknad og studentvelferd der STIV skal vere bidragsytar når det gjeld studentmedverknad. Innan 1. februar kvart år skal STIV leggje fram ein skriftleg rapport (maks. 2 sider) om viktige hendingar i året som gjekk innan desse obligatoriske områda:

- Organisasjonsmessige endringar
- Val

- Viktige saker
- Fadderordninga

Leiinga ved HVO og STIV har faste møte gjennom heile skuleåret. Møteplan blir avtala mellom partane for kvart semester. Direktøren for Studentsamskipnaden for Sunnmøre kan delta på møta.

## 5. HØYRINGAR

Med tilvising til "Lov om universiteter og høgskoler" § 27, 4. ledd skal følgjande saker sendast STIV til høyring:

- Sentrale plandokument (Strategisk plan, handlingsplan, budsjett).
- Større byggesaker
- Dokument som blir sendt på høyring til HVO sine driftseiningar
- Sentrale politiske dokument som HVO får til høyring
- Generelle saker som handlar om studentorgana sitt arbeid
- Generelle saker som gjeld viktige studentinteresser (t.d. utleige av fellesområde)

Tilsvarande saker på avdelingsnivå blir lagt for studentråda til uttale.

Høyringssaker skal sendast på høyring til studentorgana så lang tid på førehand at dei har muligheit til å handsame sakene og uttale seg om dei, jfr kommentarar til §27,4.

## 6. VAL

HVO skal stille valteknisk materiale til disposisjon for studentvala. Representantar for HVO sine valstyre deltar i oppteljinga av vala og stadfestar valresultatet. Val til studentorgan blir regulerte av studentane sitt valreglement, vedteke av Studenttinget i Volda og i samsvar med reglement for val til dei øvste styringsorgan ved universitet og høgskular av 14. mai 1996 samt KUF sine kommentarar.

## 7. MØTEVERKSEMD

Konstituerande møte i studentorgana blir gjennomført i samsvar med "Lov om universiteter og høgskoler" § 28.

På STIV-møta har HVO sin rektor/direktør møte- og talerett, jfr "Lov om universitet og høgskoler" av 12. mai 1995 nr 22, §9,1 og §15,3.

På studentrådsmøta har vedkomande avdeling sin dekan/kontorsjef møte- og talerett.

## 8. TIDA AVTALEN GJELD FRÅ OG REVIDERINGSFØRESEGNER

Avtalen trer i kraft frå underteikningsdato. Avtalen skal reviderast når grunnleggjande føresetnader vert endra (Lover, forskrifter mv). Avtalen kan elles reviderast når ein av partane krev det og begge partar er samde om endringane.

Volda, 3.12.03.2003.

Studenttinget i Volda

*Kristine Strømmer*  
Kristine Strømmer  
leiar

Høgskolen i Volda ✓

*Jacob Kjode jr*  
Jacob Kjode jr.  
høgskuledirektør